

## Økonomisk status perioden 1. januar til 30. juni 2025.

### Føresetnader:

Økonomisk status er basert på mottatt informasjon. Eit fullstendig periodisert rekneskap krev at me har tilgang til informasjon som kan ha resultat- eller balanseeffekt. Dette gjeld opptente inntekter og påløpne kostnader.

### Resultat

Driftsresultatet hittil i år var eit overskat på 626 tusen kroner, noko som var 0,1 mill. kroner lågare enn budsjettet hittil i år. Sum driftsinntekter var 6,3 mill. kroner og 0,3 mill. kroner lågare enn budsjettet hittil i år. Førebels årsresultat var 0,6 mill. kroner og 94 tusen kroner lågare enn budsjettet hittil i år.

Driftstilskotet frå kommunen hittil i år var 3,8 mill. kroner og 0,5 mill. kroner lågare enn budsjettet.

Avdelingsrekneskapen per juni såg slik ut, meld frå om det er inntekter eller kostnader som er ført på feil avdeling:

Sammendrag for avdeling (kostra funksjon)									
						Organisasjonsnr.: 976995082			
						Utskriftsdato: 14.07.2025			
Avdeling (Kostra funksjon)		Inntekter		Kostnader		Driftsresultat			
NOK		Varekjøp	%	Personal	%	Andre	%		%
3041 - Kyrkjeleg administrasjon	3 908 927	11 430	0%	1 085 725	28%	530 233	14%	2 281 539	58%
3042 - Kyrkjer	223 851	3 611	2%	1 173 949	524%	537 166	240%	-1 490 875	-666%
3043 - Gravplassar	545 973	230 869	42%	570 310	104%	348 118	64%	-603 324	-111%
3044 - Anna kyrkjeleg verksemd	1 625 681	339 287	21%	769 771	47%	78 269	5%	438 353	27%
<b>Sum</b>	<b>6 304 431</b>	<b>585 197</b>	<b>9%</b>	<b>3 599 755</b>	<b>57%</b>	<b>1 493 787</b>	<b>24%</b>	<b>625 693</b>	<b>10%</b>

I avdeling 3044 - Anna kyrkjeleg verksemd er data for "Trusopplæring" og "Undervisning/konfirmasjonsarbeid" med følgjande beløp:

Sammendrag for prosjekt									
						Organisasjonsnr.: 976995082			
						Utskriftsdato: 14.07.2025			
Prosjekt		Inntekter		Kostnader		Driftsresultat			
NOK		Varekjøp	%	Personal	%	Andre	%		%
046 - Trusopplæring	606 805	34 429	6%	387 857	64%	16 909	3%	167 611	28%
047 - Undervisning/konfirmasjonsarbeid	997 100	219 019	22%	213 786	21%	6 517	1%	557 778	56%
<b>Sum</b>	<b>1 603 905</b>	<b>253 448</b>	<b>16%</b>	<b>601 643</b>	<b>38%</b>	<b>23 426</b>	<b>1%</b>	<b>725 389</b>	<b>45%</b>

Merk: det er førebels ikkje reklassifisert kostnader vedr. dirigent-løn til trusopplæring hittil i år (pga. ferieavvikling). Dette vil verte korrigert i 3K25.

Varekostnadane var 0,6 mill. kroner og 23 tusen kroner lågare enn budsjettet hittil i år.

Personalkostnadane hittil i år var 3,6 mill. kroner og 0,2 mill. kroner lågare enn budsjettet hittil i år. Det var høgare refusjon frå NAV enn budsjettet hittil i år.

Avskrivingane hittil i år var 305 tusen kroner og avsett mot kapitalkonto i balansen.

Andre driftskostnadane hittil i år var 1,5 mill. kroner og 32 tusen kroner høgare enn budsjettet hittil i år. Det var høgare kostnader til kostnadsførte anskaffingar på 73 tusen kroner hittil i år (motpost

på inntektssida konto 3946 - bruk av bundne fond, på 52 tusen kroner). Det var lågare kostnader til lokaler/kyrkjer, kontorkostnad, reiser og kontingentar. På konto 7793 var det bokført 51 tusen kroner som avsetning til fond, dette gjaldt gåver til Øystese kyrkje (motpost på inntektskonto 3903).

## **Finanspostar**

Netto finanskostnader var 0 tusen kroner og 15 tusen kroner høgare enn budsjett hittil i år.

### **Balanse**

Sum anleggsmidlar var 12 mill. kroner hittil i år etter avskrivingar på 0,3 mill. kroner. Sum investeringar var 4,5 mill. kroner og sum tilskot var 3,7 mill. kroner. Resterande 883 tusen kroner gjeld manglende tilskot til faktura på prosjekt 101 (NOK 15.675) og prosjekt 102 (NOK 867.325) som vonleg vert betalt i løpet av juli.

Kundefordringar var bokført til 65 tusen kroner per 30.6.25. Aldersfordelt saldoliste kunder viste per 30. juni 2025 forfalte faktura på 59 tusen kroner, sjå rapport Kunde - aldersfordeling. Det vart avsett til tap på krav på 20 tusen kroner per 31.12.24.

Andre kortsiktige fordringar hittil i år var 1,6 mill. kroner og består i hovudsak av periodiserte kostnader. Herav forventa kompensasjon av mva. som per 30.6.25 var 1,2 mill. kroner.

Bokført bankbeholdning per 30.6.25 var 4,7 mill. kroner. Herav driftskonto på 3,8 mill. kroner, Diakon med 118 tusen kroner, gravfond på 371 tusen kroner, Trusopplæring på 100 tusen kroner, gåver til Øystese kyrkje på 88 tusen kroner og skattetrekk på 226 tusen kroner.

Sum eigenkapital var 10,8 mill. kroner per 30.6.2025, ein nedgang på 0,8 mill. kroner frå 31.12.2024. Det vart gjort ein reversering av investeringsbeløpet i 2024 mellom anlegg under utførelse (konto 1130) og kapitalkonto (2050). Denne vert sjekka med revisor. Årets avskrivingar på 304 tusen kroner og avdragsutgifter på 13 tusen kroner er bokført mot kapitalkonto (2050). I tillegg var EK-tilskot til KLP på 30 tusen kroner ført mot kapitalkonto, dette vurderes med revisor.

Langsiktig gjeld til Toyota Kreditbank var 365 tusen kroner per 30. juni 2025 (konto 2240). Gjeldsbrev til Vikøy Vasslag SA var ført med 35 tusen kroner på konto 1391/2290.

Leverandørreskontro viste ein utgåande saldo på 2,5 mill. kroner, sjå aldersfordelt saldoliste leverandør for detaljar.

Skattetrekk og skuldig arbeidsgjevaravgift per 30.6.25 var 0,4 mill. kroner.

Anna kortsiktig gjeld var 4,4 mill. kroner og består av forskotsbetalt gravstell (1,1 mill. kroner), skuldige feriepengar (0,4 mill. kroner), diverse fond (0,4 mill. kroner) og avsetning for tilbakebetaling av mva. til Kvam herad (0,9 mill. kroner), innbetalt tilskot frå Riksantikvaren på 1,5 mill. kroner til Strandebarm kyrkje og avsetning for påløpt pensjon på 0,2 mill. kroner.

Ta kontakt om du har spørsmål.

Beste helsing  
Azets Insight AS  
Anne Marie Øvrevik Øystese, 15.7.2025